

Handlings- og tiltaksplan 2018.

Innleiing.

Handlingsplanen 2018 med framlegg til tiltak og aktivitetar byggjer på Parkplanen sine overordna satsingar som pt. er:

- SKAPE NÆRING OG KULTUR.
- TA VARE PÅ NATURARV OG MILJØ.
- TA VARE PÅ KULTURARV.

Fylgjande føresetnader og rammevilkår er bestemmande i høve til val av tiltak og gjennomføring av desse:

- Oppfølging av Verdsarvkonvensjonen lokalt gjennom funksjonen som verdsarvkoordinator.
- Semje i Verdsarvrådet.
- Initiativ og innspel frå partnarar, stiftarar/ parkkommunane og tilsette i parkorganisasjonen.
- Tilsegn om midlar til gjennomføring/ tilgjengeleg prosjektøkonomi.

Handlingsplanen er resultatet av ein prosesses som involverar :

- Parkpartnarane.
- Stiftarane.
- Tilsette i parkorganisasjonen.
- Parkstyret.

Handlingsplanen er handsama av Parken sitt arbeidsutval den 13. desember 2017 (A-sak 11/17) og godkjent av Parkstyret i møte den 5. januar 2018. (Sak 07/18).

Kap.	Innsatsområde/ tiltak				
1.	Styre og organisasjon.	Budsjett 2018	NVP ¹	Gjennomføring	Ansvar
1.9.	Parkmøte: Vidareutvikle parkmøte/ allmøte til felles forum, arrangere parkmøte innan ultimo april 2018	40 000	40 000	Partnarane, stiftarane m.fl.	Styret og arbeidsutvalet
1.10.	Møteplassar: Gjennomføre samlingar for partnarane - vår og haust. Faglig/ tematisk og sosialt. I tillegg gjennomføre besøksrunde hjå partnarane.	20 000	20 000	Partnarane, stiftarane m.fl.	Arbeidsutvalet/ dagleg leiar
	Sum Møteplassar	60 000	60 000		

¹NVP = Nærøyfjorden Verdsarvpark. Kollonna syner NVP sin del av samla budsjett og kva som vert søkt finansiert av stiftinga.

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2018	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
VERTSKAP OG FORMIDLING:						
2.1	Vertskapskurs: Vidareutvikle og gjennomføre SOGNAvertkurset for 1.linje personell i reiselivsverksemdar og andre verksemdar i Verdsarvparken. Fokus på basiskunnskap om området/ regionen/ verdsarven og kva det kan tilby av opplevingar og aktivitetar. Kan og omfatte visningsturar i området. Oppstart revisjon av konsept/innhald.	0	0	Partnarane Visit Sognefjord AS Parkkommunane mv. SJH/ Ressursenteret	Juni	SJH/ Visit Sognefjord AS
2.2.	Vertskap i praksis: Alle aktørane må i regionen må få info om Verdsarvparken. Det vert utarbeidd eit enkelt infoark om Verdsarven/ Verdsarvparken - tekst på ei side, kart som syner grensene for verne -og verdsarvområdet på baksida. Info på fleire språk må kunne lastast ned frå Parken si nettside.	20 000	20 000	Parkpartnarane	Desember	Prosjektmedarb. kommunikasjon
2.5.	Lokale informasjons- og visningssenter (Verdsarvhus): Vidareføre arbeidet med å utvikle og etablere eit tilpassa formidlingskonsept i grendene (<i>Verdsarvhusa</i>) med fokus på verdsarvstatusen, Verdsarvparken og kvar einskild grend. Prosjektet har som delmål å skape aktivitet i og kring tidlegare skulehus/ grendehus samt involvere grendene i formidlingsarbeidet. Verdsarvhusa skal vere Fjordportalen sine "filialar." Bygda Underdal var pilot for denne satsinga i 2015. I 2018: Fokus på vidareutvikling Undredal Verdsarvhus. Konkret samarbeid/ utvikling av konsept i lag med Bakka grendalag.	400 000	200 000	Undredal grendalag Bakka grendalag Jordalen grendalag Verneområdestyret Tilsette i parkorg	Desember	Prosjektmedarb. Bakka grendalag Jordalen grendalag Undredal grendalag
2.6.	Formidling og informasjon: 1. Vidareutvikling og drift av nettsida www.naroyfjorden.no . Tilpassing og oppgradering til nye tekniske løysingar. Omsetjing til engelsk. (<i>Partnarar/ grendalag utan eiga side kan få tilgang til Parken sine nettsider.</i>) 2. Utvikling og produksjon av plakatar/ profileringsmateriell 3. Verdsarvparken må bli meir synleg/ profilert i ulike samanhengar. Auka satsing på å nytte lokal og regional media til informasjon/ formidling/ omtale av prosjekt og tiltak. 4. Koordinering, kunngjering og profilering av partnarane sine aktivitetar/ arrangement gjennom utvikling/ produksjon av plakatar og annonser for media og nett. Besøksrunde/ oppfølging av partnarar. 5. Gjennomføring av informasjonstiltak i lag med verneområdeforvaltning/ oppdatering av felles skiltmal.	50 000 80 000 120 000 100 000	50 000 80 000 120 000 100 000	Lokale blad og regionale aviser mv. Partnarane Verneområdeforvaltar	Desember	Parkorganisasjonen

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2018	NVP	Partnerar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
MAT, HANDVERKS- OG OPPLEVINGSPRODUKSJON:						
2.8.	Fokus på lokalmat og synleggjering av slike produkt Undersøkje kva tilbod som finst i lokalbutikkane i området vårt, evt kvifor det ikkje finst. Kva behov er det? Korleis finne løysingar for å kunne løfte fram gode lokalmatprodusentar slik at både tilreisande og lokalbefolkning får tak i produkta? Ein ting er å selje på marknader osv men korleis kan ein få tak i desse produkta ellers, og kor sender ein turistane som ynskjer å kjøpe desse produkta dei kanskje har fått ein smaksprøve av ein stad? Korleis kan ein finne felles måte å få profilert og gjere tilgang til produkta enkelt for forbrukarane? Utarbeide ein oversikt over lokale matprod. og butikkar som sel/ restaurantar som nyttar lokale prod. Samaarbeid om utvikling av Nærbutikken Undredal	40 000	40 000	Partnerane/ SAKTE-alliansen Kommunane Visit Sognefjord Sognefjorden Næringshage Voss Næringshage/ Vossameny Prosjekt Nærbutikken Undredal.	Desember	Parkorganisasjonen / samarbeidspartar
2.10.	LYSPROSJEKT- BÆREKRAFTIG VINTERSIGHTSEEING NÆRØYFJORDEN: «Prosjektets hovedformål er å skape bærekraftig næringsutvikling ved sesongforlengelse/økt turisme gjennom høst-, vinter- og vårmånedene – den mørke årstiden, samtidig som vi får presentert naturen og kulturen på en "ny" måte. Det vil gi en betraktelig økt opplevelse for turistene som er ombord på seightseeingbåten. Virkemidlet er lys på fjorden og langs utvalgte punkter på land langs Nærøyfjorden og deler av indre Sognefjord mot Flåm. Punktene blir belyst kun idet sightseeingbåten passerer. Evaluering særst viktig etter pilotperioden.	600 000	50 000	The Fjords Forskningsrådet Innovasjon Norge Verneområdestyret	Desember	Prosjektleder
Arrangement						
2.12.	Verdsarvparken 10-år: Organisering og gjennomføring av ulike markeringar i Parkkommunane lagt til eksisterande arr. som t.d. Gamlostfestivalen, Lærdalsmarknaden, Aurlandsmarknaden m.v. Gjennomfør eigne (2stk) infostand på Voss.	200 000	150 000	Parkkommunane Arbeidsutval Partnerar	Desember	Parkorg.
2.13.	Geologi- og verdsarvdagar: Vidareutvikle og gjennomføre temadagar tufta på verdsarvverdiane for barnehage- og barneskuleborn: - Fresvik og Valsvik skule og b.h., Flåm skule/ Vangen b.h/ Hauge og Sundve skule og b.h.	40 000	40 000	Barnas turlag/ turlaga, barnehagane, geologar, bygdevertar og andre parkpartnerar.	November	Parkforvaltar kulturminne og formidling
2.14.	Guida turar i Verdsarven: I lag med dei lokale turlaga/ grendalaga planlegge og gjennomføre 1 guida tur i kvar av Parkkommunane: 1. Aurland/ Voss: Ljosandebotn-Grånosm.-Tyrva 2. Lærdal: Frønningen. 3. Vik: Ikkje fastsett enno/ i prosess.	60 000	50 000	Lokale turlag, grendalag og andre parkpartnerar.	November	Parkforvaltar kulturminne og formidling

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2018	NVP	Partnerar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
2.15.	Verdsarvturen, Bakka: Innsats og hjelp til organisering og gjennomføring av arrangement.	15 000	5 000	Bakka grendalag SNO	August	Bakka grendalag
2.16.	Kongevegmarsjen, Stalheim: Organisering, marknadsføring og gjennomføring forsommar i samband med opning av nyrestaurert kvernhus.	30 000	17 000	Stalheim Landskapspark	September	Stalheim Landskapspark
2.17.	Stalheimskleiva Opp, Stalheim: Organisering, marknadsføring/profilering og gjennomføring av arrangementet 10. mai.	80 000	20 000	Stalheim Landskapspark	Mai	Stalheim Landskapspark
2.18.	Motbakkeløp Rimstigen Opp, Bakka: Innsats til utvikling, organisering, koordinering, marknadsføring og gjennomføring.	70 000	20 000	Aurland Idrettslag Bakka grendalag	Juli	Aurland Idrettslag
2.19.	Nynorske litteraturdagar: Planlegge, organisere, marknadsføre og gjennomføre arrangementet <i>Nynorske litteraturdagar 2018 helga 19. - 21. oktober.</i> (Festivalstyret fastsett innhald/ program og praktisk gjennomføring.)	1 200 000	400 000	Festivalstyre Lag og organisasjonar Frivillige	November	Prosjektleiar
2.20.	Kulturminnedagen 2018: Detaljar Ikkje fastsett/ i prosess.	15 000	15 000	Skulane, barnehagane, lag og organisasjonar	September	Parkforvaltar Kulturminne og formidling
2.21.	Stølsdagen 2018: Detaljar ikkje fastsett/ i prosess. Vidare planlegging vil avklare evt. samarbeid/ samhandling med Underdalsfestivalen 2018/ Opplev Undredal AS.	15 000	15 000	Skulane, barnehagane, lag og organisasjonar. Opplev Undredal AS	Oktober	Parkforvaltar Kulturminne og formidling
2.22.	Innovasjonsseminar: Planlegge og gjennomføre eit innovasjonsseminar med fokus på miljø og teknologi. Peike på handlingsrommet/ potensiale for verdiskaping i verdsarvområdet. Fokus på grunnlag for tilflytting. Jfr. innspel frå Opplev Undredal AS.	75 000	75 000	Forvaltning, kompetansmiljø, virkemiddelapparat. Opplev Undredal AS	Oktober	Dagleg leiar/ prosjektmedarbeidar.
Anna						
2.23.	Forprosjekt "Styvi Gardsmuseum": Garden Styvi ved Nærøyfjorden er eit kulturminne av stor kulturhistorisk og opplevingsmessig verdi. Den utgjer ein av dei viktigaste attraksjonane langs Nærøyfjorden og er veldig mykje besøkt av turgåarar, skuleelevar, turistar frå inn- og utland. Gardsmuseet er mykje vitja men trengje eit løft for å bli meir publikumsvenleg. Forprosjektet kal førebu tilrettelegging for auka publikumsbesøk og formidlingsverdi til museet. Vidareføring frå 2017.	40 000	20 000	Styvi Gard	Juni	Parkforvaltar - kulturminne og formidling
SUM SKAPE NÆRING OG KULTUR		3 250 000	1 487 000			

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2018	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
3	TA VARE PÅ NATURAV OG MILJØ					
3.1.	Tiltaksplanen for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap: Auka innsats og fokus med mål om å auke økonomien i eksisterande ordningar/ etablere økonomi til ordninga med investeringsbidrag. Kontakte sentrale samarbeidspartar og styresmakter. Etablering av 1,5 årig prosjekt.	100 000	100 000	Verdsarvrådet Kommunane FM-landbruksavdelinga Fylkeskommunane Fleire departement	Desember	Dagleg leiar
3.2.	« <i>Rules of Behavior - ROB</i> »: Utarbeide og fordele til parkpartnarar/ aktørar i verdsarvområdet retningsliner for oppførsel i verdsarvområdet. Eit haldningsskapande tiltak for ferdslø og oppførsel i verdsarvområdet. Mål: Redusert skade på natur- og kulturelement/ redusert forsøpling/ info om/ bruke tilgj. toalett.	50 000	50 000	Verneområdeforvaltning Kommunane Parkpartnarane.	Desember	Prosjektmedarbeidar
3.3.	Besøksforvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap: - Prod. av sluttrapport og lesevenleg presentasjon av resultat frå det 3-årige FoU-prosjektet. - Implementering av strategiar/ prinsipp i forvaltninga. - Planlegging og gjennomføring av nasjonal sluttkonferanse haust 2018 med internasjonal deltaking. Sjå eigen omtale.	75 000 100 000 300 000	75 000 50 000 250 000	Geirangerfjorden Verdsarv Verdsarvrådet Regionalt Forskningsfond Verneområdestyret Reisemålselskapa mv.	Desember	Dagleg leiar
3.4.	Prosjekt "Levande Fjordlandskap": 1. Gjennomføring av årleg dialogkonferanse mellom alle aktørane på fjorden og forvaltninga om forpliktande felles ambisjonar og tiltak for utsleppsfri fjordturisme. 2. Følgje opp Sjøfartsdir sin rapport/ arbeid knytt til utslepp i Verdsaarvfjordane. 3. Fjord Cruise i rute og charter. Pådrivarrolle for eliminering av ueigna båtmateriell som lagar bylgjer og erosjonsproblem eller ureinar til luft og fjord. 4. Pådrivar for eliminering av utslepp til luft og sjø. 5. Pådrivar for overvaking og kartlegging av stoda. 6. Planlegge, organisere og gjennomføre ein ryddedugnad i Nærøyfjorden tidlig vår 2018. Mobilisere parkpartnarar og andre aktørar til felles innsats.	80 000	60 000	Flåm AS Visit Sognefjord The Fjords Parkpartnarane Forvaltninga Verneområdeforvaltning Kommunane	Desember	Dagleg leiar/ prosjektmedarbeid.

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2018	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
3.5.	”Twinning”- samarbeid med Glacier Bay, Alaska: Vidareføring av samarbeidet mellom Vestnorsk fjordlandskap v/ Verdsarvrådet og Glacier Bay v/ NPS. Mål om signering av konkret samarbeidsavtale.	50 000	50 000	Verdsarvrådet Geirangerfjorden Verdsarv Verdsarvparken Glacier Bay	August	Verdsarvkoordinator
Skjøtsel og tilrettelegging						
3.6.	Tursti Brekkfossen, Flåm: Støtte til gjennomføring/ slutføring av tilretteleggingsprosjekt ved Brekkfossen del II - ein svært mykje nytta tursti. Betre og sikrere tilkomst. Oppsett av infokilt. Prosjekt vidareført frå 2017.	800 000	200 000	Aurland kommune Verneområdestyre/SNO Grunneigarar Reiselivsverksemder	Oktober	Aurland kommune/ SNO
3.7.	«Amfi Flatedalen»: Utarbeide plan/ skisse, gjennomføre etablering avt «Naturmøteplassen» aktivitetsområde, allment tilgjengeleg for skular, gjester i området, ved Leina i Flåmsdalen.	470 000	150 000	Rotfesta v/ Gry Mørk 4H Sogn og Fjordane	Oktober	Parkorganisasjonen
3.8.	«Vandring og verdiskaping»: Vidareføring/ slutføring av det 3-årige prosjektet med mål om å kvalitetssikre eksisterande infrastruktur samt få etablert/ synleggjort ei større potensiale for vandring og andre aktivitetar gjennom styrka samarbeid og samhandling mellom dei ulike aktørane om kva turveggar/ vandringsruter som skal prioriterast for tiltak. Samstundes registrere og fylgje opp meldingar om skade/ trong for naudsynt skjøtsel, tilsyn og informasjon. Redusere faren for at gjester tek seg til rette. Eigen tiltaksplan.	565 000	400 000	Grunneigarar, lag og organisasjonar, destinasjonsselskap Reiselivsverksemder	Desember	Prosjektmedarbeidar.
3.9.	Informasjonstavler: Vidareføre utvikling/ produksjon og oppsett av verdsarvtavler/ lokale infotavler i og kring Verdsarvområdet i samsvar med revidert skiltmal.	200 000	200 000	Grendene/grunneigar/ Verneområdestyret + SNO.	Oktober	Prosjektmedarbeidar.

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2018	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
3.10.	"Nye Aurlandsdalen" : Vidareføring av den 3-årige satsinga - som i samarbeid grunneigarar, lag og organisasjonar (VS), styringsgruppe for Aurlandsdalen skal: -Fremje, planlegge/ organisere og sikre gjennomføring av tiltak og aktivitetar knytt ma. istandsetjing/ vedlikehald, rydding, merking av stiar i Aurlandsdalen . Vere pådrivar og støtte for auka bruk og verdiskaping knytt til vandring. - Ta hand om/ koordinere akutte tiltak i dalen knytt til ras/ steinsprang . Ivareta sekretær oppgåver for styringsgruppe Aurlandsdalen. Jfr. eigen tiltaksplan.	1 665 000	920 000	Styringsgruppe Arbeidsgruppe Reiselivsverksemdar Visit Sognefjord	Desember	Prosjektmedarbeidar
3.11.	Rydding, merking, skilting av turstiar/ vegar: Sjå eigen tiltaksplan under pkt. 3.8.			Partnarar/grendalag/ Turlaga/ SNO Verneområdestyret	November	Prosjektmedarbeidar
3.12.	Kongevegen Haugsvik – Stalheim: Opprusting av den mykje brukte kongevegen som turveg, til og å nyttast som sykkelveg. Slutføring av prosjektet + oppsett av 5 stk. infotavler.	85 000	20 000	Stalheim Landskapsark	Desember	Stalheim Landskapsark
3.13.	Tilrettelegging av sti til Sivlefossen: Etablere sti og utsiktspunkt i Stalheimskleiva inn mot fosserommet under Sivlefossen.	775 000	100 000	Voss kommune Grunneigarar	Oktober	Voss kommune
3.14.	Miljøpatruljen i Verdsarvparken: Forprosjekt med mål om å etablere ei 3-5 årig satsing på ein felles miljøpatrulje/ rangerteneste som skal yte vennligsinna vertskap i felt i tillegg til å ha tilsyn/ oppfylgjing med grunnleggande infrastruktur som off. toalett og søppelhandtering m.v. Innsatsområda vil vere Aurlandsdalen, Flåmsdalen og Aurlands- og Nærøyfjorden. Finansierte med destinasjonsbidrag. Målsetjing: Etablere ein pilot i 2018.	50 000	50 000	Parkpartnarane, kommunane, reiselivsverksemdar, Destinasjonsselskapa	Oktober	Prosjektmedarbeidar /Dagleg leiar
	SUM TA VARE PÅ NATURARV OG MILJØ	5 315 000	2 625 000			

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2018	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
4	TA VARE PÅ KULTURARVEN					
4.1.	Samarbeid med barnehagane og skulane: Verdsarvparken har som målsetjing at verdsarven Vestnorsk fjordlandskap skal bli ein naturleg del av skulekvardagen i Nærøyfjordområdet. I samarbeid med skulane i og inntil Verdsarvparken vert det gjennomført pedagogisk opplegg som set fokus på verda sin arv/ vår arv, geologi , vertskap, entreprenørskap/ næringsutvikling. Auke innsatsen mot barnehagane og dei andre skulane i parkregionen. Styrke leirskuletilbodet i Dyrdal.	150 000	100 000	Skulane i Verdsarvparken SNO/ Verneområdestyret Kommunane	September	Parkforvaltar - kulturminne og formilding
4.2.	Verdsarvseminar: Planlegge og gjennomføre eit seminar om verdsarv og Vestnorsk fjordlandskap generelt/ geologi spesielt, Målgruppa er tilsette i oppvekstsektor Vik og Lærdal kommunar.	25 000	20 000	Skulane og barnehagane i Verdsarvparken.	April	Parkforvaltar - kulturminne og formilding
4.3.	Husmannsplassar i Haugsvik: Prosjektet skal registrere/ samle inn info om gamle husmannsplassar i Haugsvik/Stalheim i samarbeid med Vossestrand Sogelag. Arkivering, gps-merking, digitalisering evt. bok. Oppsett av infotavler.	160 000	15 000	Stalheim Landskapsark	Mai	Stalheim Landskapsark
4.4.	Kurs og seminar i innan byggeskikk, bygningsvern og tradisjonshandverk : Planlegge og gjennomføre ein serie på 3-4 kurs som eit aktivt oppfølging av restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden.	70 000	35 000	Parkpartnarane, Kulturavdelinga hjå kommunen og fylkeskommunen	Desember	Parkforvaltar - kulturminne og formilding
4.5.						
	SUM TA VARE PÅ KULTURARV	405 000	170 000			

Merknad: Gjennomføring føreset løyving av økonomi i samsvar med finansieringsplanen.

Aurland, pr. 5 januar 2018.

Erling Oppheim
Dagleg leiar